

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 26.09.18

Kopi til: Hovudutval for samferdsle, møte 25.09.18

Årdal - Fv. 303 Seimsdalstunnelen - løysing for veg i dagen

Fv. 303 Seimsdalstunnelen i Årdal er prioritert for utbetring og tilrettelegging for gåande og syklende i investeringsprogrammet for 2018 – 2021. Det er planlagt oppstart i 2019.

I oktober 2017 vedtok fylkestinget i sak 31/17 å utvide eksisterande tunnel til profil T10,5 med 2 meter brei gang- og sykkelveg. Kostnadsoverslaget frå forprosjektet omfatta også bygging av gang- og sykkelveg på strekninga Seimsdalstunnelen - Seimsdalen. Den planlagde løysinga vil gje gang- og sykkelveg bak rekkverk gjennom tunnelen. Denne må knytast til eksisterande veg på utsida av tunnelen på ein god måte.

I FT-sak 31/17 var fylkesrådmannen si tilnærming å få vedtak på ei løysing av sjølvve tunnelen. I denne saka vart ikkje løysing for gåande og syklende utanfor tunnelen spesielt omtalt eller vurdert, sjølv om kostnadsoverslaget i forprosjektrapporten også omfatta gang- og sykkelveg i dagen.

Statens vegvesen har sett i gang arbeidet med reguleringsplan for Seimsdalstunnelen. Kva som skal byggast må avklarast i samband med reguleringsplanarbeidet. Statens vegvesen har kome fram til at det ikkje er behov for utbetring av vegstrekninga frå tunnelen og mot Årdalstangen. Mot Seimsdalen er eksisterande veg om lag 5,5 meter brei utan tilbod til gåande og syklende. Frå tunnelen og fram til bru ved Årebru lengst nede i Seimsdalen er det om lag 500 meter. Over brua ved Årebru er det separat gang- og sykkelveg bak rekkverk. Vidare langs vegen i Seimsdalen er det fortau.

Statens vegvesen har sett på tre aktuelle løysingar langs vegen i Seimsdalen:

- Gang- og sykkelveg
- Fortau
- Utvida skulder til 1,5 meter på begge sider av vegen.

Statens vegvesen tilrår at det vert bygd utvida skulder frå tunnelen til Seimsdalen. Dette vil gje eit godt tilbod til gåande og syklende og reduserer omfanget av terrenginngrep og kostnader på strekninga i høve til ei ev. gang- og sykkelveg. Det vil også vera det beste alternativet med omsyn til drift.

Fylkesrådmannen tolkar fylkestinget sitt vedtak i sak 31/17 slik at dette strengt tatt berre dreier seg om val av løysing i sjølvve tunnelen. Det er i dette vedtaket ikkje teke eksplisitt stilling til om det skal byggast gang- og sykkelveg, fortau eller utvida skulder på denne strekninga.

Av omsyn til pågåande planlegging må vi avgjere kva løysing vi skal ha på Seimsdalssida av tunnelen. Fylkesrådmannen viser til at Statens vegvesen her tilrår ei løysing som inneber bygging av utvida skulder på begge sider av vegen. Dette skal vere ein god trafikal løysing, ei rimelegare løysing enn t.d. ein gang- og sykkelveg og ei driftsmessige god løysing.

Eg ber om FU sine ev. merknader til at denne løysinga blir vald.